

MEDLEMSPENGAR 2013, BLIR DU MED OSS?



Kjære bygdefolk!

Tusen takk for god oppslutnad om Bygdalaget i 2012. Medlemsinntektene for 2012 er betydeleg høgare enn tidlegare, takka vera bidrag frå bygdefolket. Målet for 2013 er å få endå fleire med oss. Bygdalaget er for ALLE!

Vi håpar også at Herøysundingane fortsett å nytte grendahuset til bursdagar, dåpar, konfirmasjonar, m.m, dette er eit hus for heile bygda. Store investeringar er gjort, noko som kjem alle tilgode. Året 2012 har vore prega av stor aktivitet for bygdalaget med basar på vårparten, St. Hans feiring, sumarfest på St. Hans i Grendahuset, Sløyden Rock, strikkeklubb, kafe med meir. Grendahuset har fått tre nye vindauge samt ny varmpumpe. I tillegg er tregulvet i salen slipt ned og lakka. Ein flott dagnadsgjeng var med og gjorde denne jobben. Tusen takk! År 2013 skal bygdalaget ha hovudfokus på strandområdet. Stranda er ein flott samlingsplass for bygdefolket, og ei lita perle for bygda. Bygdalaget kjem no til å investere i ny traktorplenklyppar og kantklyppar. Dette håpar vi kan føre til at fleire bidrar til klypping av plenen no i vår og sumarsesongen. Dette har vore ei utfordring å få til dei siste åra. Bygdalaget har også overteke toalettannlegget og treng frivillige til å hjelpe med reingjering av dette til sumaren. Det kjem lapp på toalettannlegget etterkvart, oppfordrar folk til å skrive seg opp her.

Har du hugsa å registrere grasrotandel på tippekortet ditt? Dette ordnar du i tippekassen på butikken der du handlar. Dette er ei kjærkomen inntektskilde for bygdalaget, og vi er særst takksame for bidraget! Du kan også sende sms for å ordne med grasrotandel til Herøysund Bygdalag. **Skriv sms til 2020 slik: «grasrotandelen 985292353»**

Det nye styret er samansett av fylgjande: Una Kolle (leiar) Anne-Grethe Høisæther, (skrivar) Alice Kvandal (nyvald kasserar) Gunnhild N. Hillestad (nytt styremedlem), Trond Reime (Strand Sjef), Ragnhild Kvandal Løland og Kjetil Aasgard (varamedlemer).

Vi ser at facebooksidea til Herøysund Bygdalag er veldig populær. Dersom du har facebookprofil kan du søke opp «Herøysund Bygdalag» og få med deg kva som skjer i bygda. I tillegg har vi www.heroysund.no, send gjerne inn saker til Una Kolle eller Nils Harald Kaldestad. Utpå vårparten kjem det ei ny oppslagstavle i bygda (i nærleiken av gamlebutikken). Dette blir ei oppslagstavle for bygdefolket, så bruk den. Dette har vore eit sakn for mange etter at butikken stengte dørene.

Pris: 50,- for born/skulelev/student og 100,- for vaksne eller familie 300,- kr (inkl. skadeforsikring ved deltakelse i dugnad)

Kvittering

Innbetalt til konto

Beløp

Betalerens kontonummer

Blankettnummer

6503636763

Betalingsinformasjon

GIRO

Betalingsfrist

15.05.2013

Underskrift ved girering

Medlemspengar for:

Betalt av

Betalt til

Herøysund Bygdalag
v/Alice Kvandal
Sjøvegen 66
5462 Herøysundet

Belast
konto

Kvittering
tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)

Kroner

Øre

Til konto

3460.07.52911

Blankettnummer

< >

<6503636763>